

Innkomne forslag til Bergen Arbeidersamfunds årsmøte 2021

Behandlet av styret 12.1.2021.

Forslag 1 – Trafikksikkerhet

Forslagsstiller: Tore Stein Thoresen

Styret innstiller på å avvise forslaget.

Forslag:

Innføre 30 km fartsgrense og opphøyde fotgjengerfelt i alle boliggater og skoleveier.

Begrunnelse:

Trygger og trafikksikrer nærmiljøet og reduserer personskadr og dødsfall

Forslag 2 – Heving av ubåten ved Fedje

Forslagsstiller: Tore Stein Thoresen

Styret innstiller på å avvise forslaget på grunnlag av dette allerede er vedtatt politikk.

Forslag:

Heve opp ubåten ved Fedje.

Begrunnelse:

Ubåten kan ikke dekkes til da den ligger på sandbunn og vil derfor aldri bli tett .Kvikksølvet vil på sikt lekke ut og skade eksport av fiskeprodukter . En slik katastrofe vil også ødelegge turistbransjen i hele Norge, og Bergen by vil tape mange arbeidsplasser.

Forslag 3 – Reduksjon av lovlige grensenivåer for giftstoffer i landbruks-, fiske- og matvareindustrien

Forslagsstiller: Andreas Kjølen

Styret innstiller på å avvise forslaget.

Forslag:

- Reduksjon av lovlig grensenivå av fosfat i både fisk og kjøtt. Dette brukes til å pumpe opp volumet i fisk og kjøtt slik at volumet skal holde seg lengre, og det skal selge bedre. Består for det meste av salt, men også av andre kreftfremkallende toxiner. EU-nivåene er for høye i dag!

- Dramatisk reduksjon av lovlige grensenivåer av giftstoff i fiske- og dyrefor. Her må man inn å se på ulike giftstoff, men totalt sett bør lovlige grensenivå minst halveres. Spesielt innen fiskefor er dette et enormt problem. Såkalte PCBer (persistant organic pollutants), som fester seg til fettvevet i kjøtt og fisk gjennom hele næringskjeden, bør dramatisk reduseres..

- Bruk av Glyphosate i landbruket foreslås ulovliggjort. Dette er et ekstremt giftig stoff i selv små mengder. I dag er det lov å bruke som ugressmiddel inntil 14 dager før høsting. Men det brukes ofte enda senere også for å fordedre yield.

- Bevilge (ytterligere) midler til testing av fiske- og dyrefor. Med høye antall årlege uanmeldte besøk hos industrien.

Begrunnelse:

Reduserer vi giften i maten vi får i oss, så reduserer vi også syketallene, og vi slipper å øke antall sysselsatte i helse industrien til stratosfæriske nivåer. Vi får redusert store helseproblem, og færre blir syke. I tillegg vil lavere grensenivå innen nevnte næringer også incentivere mer moderne landbruk med bruk av drivhus, roboter og kanskje til og med sjømat oppdrett på land.

Kilde: Youtube dokumentar: "Farmed Norwegian Salmon World's Most Toxic Food". Samt egne erfaringer med EWOS (fiskefor) og andre innen matvareindustrien vedrørende fosfat.

Forslag 4 - Grendahus i Fana brannstasjon; Felles behov – felles prosjekt - samhald

Forslagsstiller: Inge Degnepoll

Styret innstiller på å vedta forslaget.

Forslag:

Bergen arbeidersamfunn ynskjer å legge til rette for at brannstasjonen på Paradis vert nytta som sosial møtestad og arena for kollektive initiativ for det nye lokalsenteret Paradis. Kollektive, sosiale og frivillige fellesskapsløysingar er noko Arbeidarpartiet støttar.

Begrunnelse:

Fana brannstasjon skal flyttas og brannstasjonen på Paradis står ledig for ny bruk. Det er eit mål om å opprette Paradis som lokalt sentrum. For å bygge og utvikle eit lokalsamfunn må folk kunne møtast, gjerne for å gjennomføre eit felles prosjekt. Til no har fokus vore fortetting av bustader og utviklinga er sterkt prega av kommersielle interesser. Svært mykje av etableringa er små bueiningar. Mange opplever utviklinga som ei belastning. Vi ser òg frå andre områder at ei slik utvikling kan føre til sosiale utfordringar. Der er fleire gode initiativ på Paradis frå folk som ynskjer å utvikle lokalsamfunnet sitt med sosiale møtestader, kultur, øvingslokale, atelier, kontordeling, delingsring og andre kollektive løysingar, men dei har ingen arena. Dette er viktig for å skape eit ekte lokalsamfunn og ikkje minst motverke einsemd. Klimaendringane krev òg meir bruk av kollektive løysingar. Folk på Paradis har no funne saman og ynskjer å jobbe mot eit godt sosialt mål. Dette er viktig å støtte opp om. Ein hyggeleg kaffikopp, den nye venen, kvistkuttaren og konfirmasjonslokalet bør ein i framtida kunne finne på grendahuset Samhald i gamle Fana brannstasjon.

Forslag 5 – Oppfølging av politiske saker

Forslagsstiller: Inge Degnepoll

Styret innstiller på å vedta forslaget.

Forslag:

Bergen arbeidersamfunn ber om at det blir etablert ein oppfølgingsportal for politiske vedtak i Arbeidarpartiet i Bergen. Det bør vere mogleg for medlemene våre å sjå kor sakene vi har vedtatt til ein kvar tid står, kva som er gjort, sende inn oppfølgingsspørsmål og eventuelt purre på saka.

Begunnelse:

Det vert kvart år vedtatt svært mange gode forslag på årsmøter i Arbeidarpartiet. Det er dei færreste som blir jamleg omtalt i media slik at medlemene får oppdatert informasjon. Dei resterande vert vonleg lagde fram og tatt opp vidare i partiorgan eller i ulike styringsorgan for kommune, fylke og stat. Skal ein forslagsstillar i dag følgje opp saka så må vedkommande finne kva AP-politikar som sit næraast på fagfeltet i det aktuelle organet og sende vedkommande ein e-post. Det er heller ikkje då sikkert at ein får vite konkret kva som er gjort i saka og kva som er vegen vidare og ynskjer ein ny oppdatering må ein spørre på nytt. Ei aktivering av grasrota krev at vi tek den på alvor og viser konkret at vi jobbar hardt for å få gjennom alle små og store vedtak som blir fatta

Forslag 6 – Marin bioraffinerisatsing

Forslagsstiller: Inge Degnepoll

Styret innstiller på å vedta forslaget.

Forslag:

Bergen arbeidersamfunn ynskjer å satse på Bergen som byen og Vestland som fylket for marine næringar. Ressursane i havet er både vår mest tradisjonelle og mest framtidsretta næring. Vi skal halde fram med å hente velstand frå bærekraftig forvaltning av hausta og dyrka marine råvarer lenge etter at oljenæringa er avvikla. Det bør difor leggjast til rette for ei bioraffineri-satsing i Bergensregionen.

Begrunnelse:

Bioraffineri tar marine råvarer (som pelagisk og mesopelagisk fisk, restråstoff, tare, mikroalgar, skjell, tunikatar med meir) fram til ulike produkt som føringrediensar, matingrediensar, farmasøytske produkt, kjemikaliar, material og andre produkt med eksportpotensial. Slike produkt kan òg bygge nye næringar i Noreg. For å lykkes med vekst i oppdrettsnæringa er det avgjerande å få tilgang på nye bærekraftige føringrediensar, og det trengs enorme volum som ikkje kan komme frå meir beslaglegging av landjord (t.d. soya i Brasil). Vestlandet har fleire fordeler både i forhold til råstofftilgang, energitilgang og kompetanse, og kan bli leiande på teknologiutvikling for totalutnytting av marine ressursar ihht uttalte nasjonale strategiar. Ei marin satsing og etableringa av eit blått bioraffineri vil då vere eit viktig steg.

Forslag 7 - Kvinnehelse

Forslagsstiller: Inge Degnepoll

Styret innstiller på å vedta forslaget.

Forslag:

Bergen arbeidersamfunn krev ei sterk satsing på kvinnehelse. Arbeidarpartiet må stå bak eit sterkt økonomisk løft for å utjamne forskjellar og gje kvinner like god helseteneste som menn. Høgreregjeringa kallar 15 mill.kr. ei satsing, men det vil ikkje monne. Arbeidarpartiet satsar på kvinner og vil rette opp urettferdigheit i helsevesenet

Begrunnelse:

Kvinnehelse er meir enn reproduktiv helse. Helse-Noreg manglar kunnskap om sjukdomar som er meir typiske for kvinner. Kvinner får heller ikkje like god diagnostisering og behandling som menn, ifølgje Forskningsrådet. T.d. viser det seg at teikn og symptom på hjartefarkt som ein trudde var generelle viser seg å passe betre på menn enn på kvinner. Ressursar generelt og særleg til forskinga på sjukdomar som særleg rammar kvinner er sterkt nedprioritert. Det kjem fortellingar frå kvinner som opplever at deira plager blir møtt med skuldertrekk i helsevesenet. Det kan vi ikkje akseptere. Ei satsing på hjartesjukdom hjå kvinner og meir pengar til Nasjonalt forskingscenter for kvinnehelse ved UiB er gode plassar å starte.

Forslag 8 – Trafiksikkerhet Birkelundsbakken

Forslagsstiller: Inge Degnepoll

Styret innstiller på å vedta forslaget.

Forslag:

Bergen arbeidersamfunn ønsker å prioritere Birkelundsbakken ved bruk av trafikksikringsmidlar for å oppnå

- Etablering av trygge kryssingsmogleheter.
- Redusert hastigheit og fartsreduserande tiltak.
- Støyreduserande tiltak, og tiltak som gjer gåing og sykling meir attraktivt.

Begrunnelse:

Det har i lengre tid vore fleire innbyggjarinitiativ med mellom anna underskriftskampanjer og medieoppslag for å utbetre Birkelundsbakken. Det er tydeleg at dette engasjerer og bekymrer spesielt mykje. Birkelundsbakken har etterkvart blitt ei stor gjennomfartsåre for bilistar som skal sørover frå mellom anna Landåsområdet. Trafikken er aukande. Det har vore fleire ulykker med alvorleg personskade eller dødsfall som resultat, siste i 2019. Vegen vert oppfatta som ei barriere for dei som bur der ettersom der manglar trygge kryssingsmogleheter fleire stader. Vegen er skuleveg for små born og må dagleg kryssast av barnehageborn både ved henting/levering og ved utflykter til naturområder. Bakken er sær-

bratt. Noko som fører til særegen trafikkoppførsel med bruk av tung gass oppover, lite bremser nedover og høg fart begge retningar. Der er òg fleire kurver med lite sikt. Når vegen er utrygg vel fleire å køyre, mellom anna til skulen. I tillegg er det aukande plager med støy, stov og eksos som gjer det enda mindre attraktivt å gå eller sykle.

Forslag 9 - Lærlingeplasser

Forslagsstiller: Bjørn Solund Amundsen

Styret innstiller på å avvise forslaget.

Forslag:

Kommunene skal opprette et visst antall ufaglærte arbeidsplasser for unge som har falt utenfor faglært eller akademisk utdanning. Hvilke oppgaver som trengs er det kommunen som må avgjøre. Antallet må være avhengig av størrelsen på kommunen.

Begrunnelse:

Nesten alle partier er enige om grønn vekst er avhengig av at vi utdanner unge både til fagarbeidere og til akademiske jobber. Vi vet at mange unge i dag har falt utenfor utdanning og endel(forhåpentlig ikke så mange) vil falle ut også i nær fremtid. Komplekst fagarbeid og akademisk arbeid ligger ikke for alle. For å lykkes med å få så mange som mulig med i arbeidslivet må Arbeiderpartiet gå foran i å opprette ufaglærte jobber. Man må også tørre å bruke ordet;ufaglært .